

LOKAL RAMMEPLAN 2022-2026
FOR
BARNEHAGANE I
FJORD KOMMUNE



INNLEIING

I Fjord kommune har vi tre barnehagar. Stordal barnehage, Dalsbygda barnehage og Syltebøen barnehage. Denne lokale rammeplanen er eit ledd i å styrke det pedagogiske samarbeidet mellom dei tre barnehagane. Det er fornuftig å ha ei felles ramme for barnehagane i kommunen. Det gjer det lettare å drive med felles kompetanseheving av personale og utviklingsarbeid. Planen vil ha ei varigheit på 4 år.

Den første fire års perioden vil vi ha spesielt fokus på to tema. Det eine er heilt nytt i lova og det andre vart endra frå 01.01.21.

Det første er «Barns medverknad». Her vil vi bli bedre på å legge til rette for ulike aktivitetar der barna har større valfriheit og kan velje etter ynskje og interesser. Barna skal også bli høyrte og takast med på planlegging av aktivitetar. Alt dette skal gjennomførast etter barn sine føresetnadar.

Det andre er «Barns psykososiale miljø». Dette tema har vore med oss før også gjennom Rammeplanen. Sentrale myndigheiter ser på arbeidet med barn sitt psykososiale miljø og å arbeide førebyggjande mot mobbing som så viktig, at ein har gitt det eit eige kapittel i barnehagelova.

Forskning viser at mellom 8 og 12 % av barnehagebarna i Noreg opplever mobbing i form av plaging, erting og utestenging frå leik. Mobbeombodet i Møre og Romsdal seier også at i dei fleste mobbesakene dei er involvert i fortel barna at det starta allereie i barnehagen.


Faktorar som ofte forsterkar faren for å bli utsett for mobbing.

- Manglande leikekompetanse
- Manglande språk -eller kommunikasjonsferdigheiter
- Barn blir oversett og negativt definert av tilsette i barnehagen

Vi ser «Barns psykososiale miljø» i klar samanheng med **god språkleg kompetanse** og **god sosial kompetanse** i leik. Difor har vi valt å arbeide med desse tre områda i lag.

Denne planen kan også sjåast i samanheng med Fjord kommune sin kompetanseplan for barnehagane og Sunnmøre regionråd sin kompetansehevingsplan.

Styringsdokumenta barnehagane føreheld seg til er desse



FORMÅL

§ 1. Barnehagelova Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og dannelse som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

BARNES MEDVERKNAD

§ 3. Barnehagelova

Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn.

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplan. (Rammeplanen)

Barna skal jamleg få mulegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurderinga av barnehagen si verksemd. Alle barn skal få erfare og få innflytelse på det som skjer i barnehagen. Barna sinesynspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje overlatast eit ansvar dei ikkje er rusta til å ta.

For barnehagane i Fjord kommune betyr det:

- Personalet i barnehagen må legge til rette for å involvere barna i /planlegging av aktivitetar.
- Sjå, lytte og involvere barna:
I planlegging av barnehagekvardagen kan personalet legge til rette for aktivitetar og leik med utgangspunkt i barnas interesser, undringar, opplevingar og kva dei er opptatt av og uttrykker til kvarandre og til personalet.
Dette må sjåast i samanheng med dei ulike fagområda og krav i rammeplanen.
- Samtale
Eit av måla med barns medverknad er at barna skal få oppleve at dei har innflytelse på det som skjer i barnehagen. Når barna opplever at deira interesse og opplevingar blir tatt omsyn til, og at vaksne og barn samtalar om det som skjer, erfarer dei at dei påverkar og medverkar i eigen kvardag.
- Evaluering
Samtalane med barna om kva dei har gjort og kva dei tenker er ein viktig del av evalueringa i barnehagen. På denne måten har barna innflytelse på det som skjer og deira bidrag blir ein del av barnehagens evaluering og vidare utvikling. Barna skal få kjenne på at barnehagen er til for dei.
- Det er viktig å huske at medverknad er noko heilt anna enn å bestemme og la barn gjere som dei vil.



«De som alltid låter sina barn göra som dom vill –har fullständigt missförstått begrepet frihet. Det er direkt fegt att säga til sina barn: Gör som ni vil!»

Astrid Lindgren

BARNET SITT PSYKOSOSIALE MILJØ



Det nye kapittelet i barnehagelova inneheld følgjande tre paragrafar:

- *§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid* - Barnehagen skal ikke godta krenkelser, og alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn hvis et barn utsettes for krenkelser.
- *§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)* – Alle som arbeider i barnehagen skal følge med og melde fra ved mistanke om at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen skal undersøke saken og sette inn egnede tiltak. Barnehagen skal også lage en skriftlig plan når det gjøres tiltak i en sak. Denne paragrafen er tilnærmet lik skolens aktivitetsplikt (Opplæringsloven §9A-4), som ble innført høsten 2017.
- *§ 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen krenker et barn* – Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen krenker et barn, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Hvis det er mistanke om at styrer krenker et barn, skal det straks meldes fra til barnehagens eier.

I Fjord kommune vil vi arbeide for ei god sosial utvikling og førebyggjande mot mobbing gjennom å:

- Legge godt til rette for barn sin leik
- Vere observerande vaksne som er tett på i barns leik og aktivitetar
- Vere aktive vaksne som gir barna gode alternativ i konfliktsituasjonar
- Gi barna støtte for å etablere vennskap
- Utvikle god sjølvkjensle, men også empati og respekt
- Utvikle gode samarbeidsevner
- Utvikle gode språklege og kommunikative evner hos barna
- Personalet skal arbeide med og vere godt kjent med rettleiaren frå UDIR «Barns trivsel – voksnes ansvar»
- Ha god kunnskap om den nye barnehagelova.
- Ha gode rutinar for kva vi gjer og korleis vi gjer det om eit barn ikkje fungerer sosialt eller blir krenka i barnehagen.
- Ha gode rutiner for å systematisk observere barnas psykososiale miljø.
- Gjennomføre aktivitetar som er med på å styrke trygghet og samholdet mellom barna.
- Kurs og fagleg oppdatering av personalet om tema.

SPRÅK



Barn utviklar språk i samspel med andre menneske. Det er viktig at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel. Alle barn må få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen. (Rammeplan for barnehagen)

Språket, både verbalt og non-verbalt, er det viktigaste kommunikasjonsmiddelet vi har. Utvikling av eit godt språk er nøkkelen til barns meistring i samfunnet. For å sikre god språkstimulering må personalet være gode språkmodellar og bruke språket aktivt i alle daglege situasjonar. Vi må sette ord på ting, opplevingar og kjensler. Vi gjentek det barna fortel i fulle setningar med ord.

Barn lærer språk både gjennom leik, kvardagsrutinar og vaksenstyrte aktivitetar.

I Fjord kommune arbeider vi med å sikre ei god språkopplæring i barnehagane gjennom:

- Å bruke ASK (alternativ, supplerande kommunikasjon) Det vi seie å forsterke språket gjennom for eksempel bilete og teikn.
- Kompetanseheving for personalet gjennom å bruke Kunnskapsdepartementets opplæringsprogram «Språkløyper»
- At personalet er gode språklege førebilete i dialog med barna
- Aktiv og bevisst bruk av språket gjennom samtalar, forteljing, lesing, song og leik med språket.



LEIK




Lov om barnehagar §1

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien i leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, venskap og barna sine eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkeleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gje rom for ulike typar leik både ute og inne.
(Rammeplanen)

For barnehagane i Fjord kommune betyr dette :

- Profesjonelle vaksne med kompetanse på leik
- Vaksne som ser betydning og samheng mellom eit inkluderande leikemiljø, og fråvær av utestenging og mobbing
- Vaksne som legg til rette for medverknad og barnekultur gjennom leik
- Å legge til rette for gode leikemiljø for barna
- Å utvikle barn som er bevisst på eiga rolle i leik



Utarbeidd av styrarnettverket